

UU 16/18 Tema for fellesseminaret UU og LU 2018

Saksnr: 15/02097-5	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 23.05.2018	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Saka gjeld

Utdanningsutvalet har saman med læringsmiljøutvalet fastsatt dato for fellesseminaret 2018. I møteplanane for studieåret 2018 - 2019 som dei to utvala vedtok i februar i år (sakene UU 06/18 og LU 10/18) vart fellesseminaret lagt til 5. september 2018. Nå skal utvala gi tilråding om tema for fellesseminaret.

Bakgrunn

Dei seinare åra har utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangert eit felles seminar ved oppstart av nytt studieår. Tema på desse seminarane har teke utgangspunkt i mandata for dei to utvala. Hausten 2015 var temaet internasjonalisering heime. Hausten 2016 var temaet dei nye standardane og retningslinene for kvalitetssikring i høgare utdanning i Europa. Hausten 2017 vart seminaret utvida til samstundes å vere eit oppstartsseminar for gjennomgang av studia i fylgje nye forskrifter frå KD og NOKUT.

Fellesseminara er eit av tiltaka som er skipa ut frå dei to utvala sine ynskje om å koordinera arbeidet og skapa større samforståing av utvala si rolle i arbeidet med kvalitet i utdanningane. Same dagen og i framkant av seminardelen har det vore arrangert ein kursdel for nye utvalsmedlemer.

Seminaret hausten 2018

Utdanningsdirektøren sitt framlegg er at «Sentrale utval i ny organisasjon etter 2019» kan vera tema for fellesseminaret i år.

Styret vedtok i sak 52/16 at UiS skal ha einheitleg leiing med tilsett rektor og ekstern styreleiar. Arbeidsgruppa som har sett på ulike ordningar for organisering og leiing under tilsett rektor tilrår ein modell med tre prorektorar (ein for utdanning, ein for forskning og ein for samfunnsengasjement og innovasjon) og ein administrasjonsdirektør. Arbeidsgruppa vurderte ei rekke løysingar og organisasjonselement, men har ikkje gitt noko vurdering gjeldande dei sentrale utvala i den nye organisasjonen. Dei to utvala har viktige roller i verksemda, også i den nye organiseringa. Det er difor trong for at utvala vurderer i kva av prosessane i den nye organiseringa utvala skal ha oppgåver, og korleis desse oppgåvene skal organiserast og gjennomførast. Samstundes vert dette også teke opp i sluttrapporten frå prosjektet som Oxford Research har gjennomført på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet om LMU-ane i høgare utdanning, der ein av fire utviklingsvegar vidare var å slå saman utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet.

Framlegg til vedtak:

Utvalet tilrår at «Sentrale utval i ny organisasjon etter 2019» skal vera tema for årets fellesseminar for læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet. Utvalet ber utdanningsdirektøren i samarbeid med prorektor om å førebu det med omsyn til dei innspela som kom fram i møtet.

Stavanger, 11.05.2018

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef Johan Gard
seniorrådgjevar